



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Senioringeniør Lars Kringstad, 71 25 84 50

Vår dato
27.05.2013
Dykkar dato
25.02.2013

Vår ref.
2013/1591/LAKR/561
Dykkar ref.

200801334 - 30
201003452 - 23
201203166 - 14
312

200904347 - 26
201102452 - 25
200902797 - 20

KSK/DKS KSK/Biwi

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vanylven kommune.

Fråsegn til søknad om bygging av 6 småkraftverk. Brandefjellet, Tennelva, Helgåa, Sjørdalselva, Kasselva, og Høgelida kraftverk.

Konklusjon:

Fylkesmannen fremjer motsegn i medhald av vassressurslova § 24 til utbygging av Brandefjellet kraftverk slik som søknaden no ligg føre. Dette særleg på grunn av konflikt med biologisk mangfald, men også landskapsverknader og inngrepsfrie naturområde (INON).

Fylkesmannen vil klart rå ifrå den omsøkte utbygginga av Tennelva kraftverk pga. dei landskapsmessige verknadene av tiltaket. Skal ein eventuelt gå vidare med utbyggingsplanar må ein sjå på løysingar med fullprofilboring. Da kan ein unngå røyrgate i dagen og skjemmande vegbygging i den bratte fjellsida. Det vil uansett vere viktig med ei monaleg minstevassføring ut frå landskapsmessige omsyn.

Fylkesmannen vil ikkje frårå utbygging av Helgåa kraftverk, men rår til at det skjer utan vegbygging over skoggrensa.

Fylkesmannen vil ikkje frårå ei utbygging av Sjørdalselva kraftverk dersom kraftstasjonen blir flytta ovanfor elvedelet (minimum ca. kote 95). Dette for å sikre tilhøva for anadrom fisk. Ein bør også vurdere å flytte inntaket noko lenger ned.

Fylkesmannen vil rå til at den alternative utbyggingsløysinga for Kasselva kraftverk blir valt. Dette ut frå både landskapsmessige tilhøve, mindre reduksjon av inngrepsfrie naturområde og færre konsekvensar for det biologiske mangfaldet. Dersom ein likevel vel å gå vidare med alternativ A føreset vi at ein kjem med ei nærare utgreiing av konsekvensane for den sjeldne flatsaltlaven.

Fylkesmannen vil ikkje frårå ei utbygging av Høgelida kraftverk som inneber ei viss regulering av Movatnet. Føresetnaden må likevel vere at vasstanden blir heldt stabil i perioden 1.mai til 1.august for å sikre hekketilhøva for storløm.

Dersom alle småkraftplanane blir gjennomført må ein vurdere om det er naudsynt med nettførsterkingar i regionalnettet. Kva konsekvensar dette i så fall vil ha, med t.d. nye kraftliner, må vere med i NVEs samla vurdering av konsekvensane ved ny kraftutbygging i området.

1. Generelt

Fylkesmannen viser til brev av 25.02.2013 der vi blir bedt om å kome med fråsegn til 6 småkraftsøknader i Vanylven kommune. Vidare har vi i brev av 07.02.2013 fått ei pakke på 14 småkraftsøknader til høyring i kommunane Ørsta og Volda. Alle med høyringsfrist i mai.

Ei samla vurdering av fleire kraftverkssøknader i eit område er i samsvar med *Nye rutinar for behandling av søknader om konsesjon for småkraftverk*, NVE 21. mars 2012.

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til å vurdere prosjekta samla. Vi vil likevel peike på at dette ofte er arbeidskrevjande saker og ut frå saksmengda vil vi derfor rå NVE om ikkje å sende ut fleire «pakker» på ein gong. Vi vil også rå til at sakene blir sendt ut i ei tid på året da det er mogleg å gjennomføre synfaring i dei enkelte vassdraga før vi kjem med våre fråsegner. Dette har ikkje vore mogleg for fleire av vassdraga pga. vinter/sein vår med snø og is.

2. Fylkesmannens vurdering av dokumentasjonen i prosjekta

Kvaliteten på den naturfaglege dokumentasjonen i miljøvurderingane er varierende. Når det gjeld det terrestriske naturmiljøet er dei to svakaste rapportane for Tennelva og Helgåa. Dei to beste er rapportane for Brandefjellet og Sjørdalselva. Vårt inntrykk av rapporten for Brandefjellet er at dette området likevel kan ha fleire viktige naturverdiar enn det som til no har kome fram. Dette er nærare kommentert under dei enkelte søknadene. Også vurderingane av landskapskonsekvensar og konsekvensar for brukarinteresser som friluftsliv er av klart varierende kvalitet.

Dersom alle småkraftplanane skal realiserast kan det bli naudsynt med nettforsterkingar i regionalnettet. Kva konsekvensar dette vil ha, med t.d. nye kraftliner, må vere med i NVEs samla vurdering av konsekvensane ved ny kraftutbygging i området.

3. Fylkesmannens vurdering av dei seks søknadene

Kort om utbyggingsforslaga

Prosjektdata	Brandefjellet	Tennelva	Helgåa	Sjørdalselva	Kasselva	Høgelida
Installert effekt MW	5,0	3,4	2,5	2,7	1,3	1,3
Produksjon (GWh)	13,6	10,3	5,9	8,2	4,7	4,5
Inntak kote	500	535	600	270	265	340
Stasjon/avløp kote	90	135	220	85	140	135
Slukeevne maks l/s	1462	970	650	1744	1240	750
Slukeevne min l/s	30	40	33	287	60	75
Middelvassføring l/s	627	484	300	870	620	480
Ålmenn lågvassføring l/s	32	29	47	33	70	90
Minstevassføring So l/s	35	29	50	33	150	90
Minstevassføring Vi l/s	27	29	50	33	0	90
Vassveg (meter)	1130	890	1350	1000	1700	1600
Inntaksdam b/h	15/2 + 4 bekke- inntak	10/3	15/5	30/3	25/3 og 10/3	10/4
Veg inntak/påhogg (m)	500	1350	1500	70	1200	500
Veg kraftstasjon (m)	30	-	20	200	120	-
Overskotsmassar m ³	5500	-	?	-	-	-
Utbyggingspris kr/kWh	3,98	2,63	4,25	2,62	5,10	2,60
Reduksjon INON km ² Sone 2	3,7	0,7	1,4	-	1,8	0,2

3.1 Brandefjellet

Kraftverket vil utnytte avrenning frå seks forskjellige nedbørfelt. Dette inkluderer overføring av elvene Kvitla (inntak kote 560), Bruelva (inntak kote 515 og 510) og Årdalselva (inntak kote 505) gjennom fire bekkeinntak. Hovudinntaket ligg i Årdalselva på kote 500. Overføring av Kvitla blir i ein 1500 m open kanal. Resten av overføringane i nedgravde røyr. Frå hovudinntak går vatnet i sjakt/tunnel/grøft til stasjonen på kote 90. Det blir bygt 500 m anleggsveg til tunnelpåhogget og midlertidig veg til overføringskanal. Det må deponerast 5500 m³ overskotsmassar.



Foto frå søknaden. Bruelva



Årdalselva

Biologisk mangfald

Det er positivt at DN-handbok 13 og mellom anna NINA sitt temahefte om vegetasjonstypar i Norge er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet. Rapporten gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld elles ein god del om vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. Firmaet er dyktige i sine faglege vurderingar knytt til funna av ulike artar samt naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet.

Vi kan ikkje sjå at dei terrestriske konsekvensane av område for kraftstasjon, massedeponi, påhogg for tunnel og veg er undersøkt.

Av rapporten har vi merka oss uvanleg fagleg informasjon om både naturtypar og artar. Vi er ikkje kjent med tidlegare funn av den sjeldne evjebekkmosen i Møre og Romsdal. Etter Artskart er det få funn i landet. Arten svagråmose er det berre nokre få registrerte funn av i fylket.

Årdalselva er heilt fram til samlaupet med Bruelva djupt nedskoren i berget og dannar ei markert bekkekløft med naturtypeverdi B. Denne naturtypen gir gunstige levevilkår for ei rekke spesialiserte artar på mellom anna stein og berg. Den store vekslinga i naturforhold på eit lite areal er spesiell og gir eit ofte høgt og interessant artsmangfald. I naturtypen kan til dømes daud ved i slike fuktige omgjevningane vere eit viktig leveområde for mellom anna

vedbuande sopp samt insekt. Etter rapporten er Årdalselva den av elvane som ut frå topografi og fukt har størst potensiale for fleire fuktkrevjande artar.

Bruelva har to fossesprøytsoner med verdi C og i tillegg er det gjort eit interessant funn av evjebekkmose på stein i elva.

I midtre delar av Kvitla er gråor dominerande og fagleg interessant. Her er en del daud ved og delvis temmeleg grove tre, men vi saknar ei fagleg vurdering av denne lokaliteten ut frå kriteria knytt naturtypen gråor-heggeskog og eventuelt avgrensa som ein naturtypelokalitet.

Generelt vil vi rå til at konsulentane i saker som dette blir pliktige til å legge spesielt interessante artsfunn inn i Artsdatabanken sin database. Dette både for ei fagleg kvalitetssikring og for at informasjonen kan bli ålment tilgjengeleg slik at det også i framtida blir høve til å ta viktige omsyn og for at artsinformasjonen kan brukast som eit utgangspunkt for vidare undersøkingar.

Ut frå det som har kome fram om det terrestriske naturmiljøet i utbyggingsområdet, kan vi ikkje tilrå ei godkjenning av prosjektet.

Fisk og vassdragsøkologi

Vi kjenner ikkje til registreringar av anadrom fisk i dette vassdraget, men reknar med at det finst lokal bekkeare. Eit minimum av økologisk driftsvassføring er naudsynt for vasslevande insekt og fisk. Ved ei eventuell utbygging må det derfor sikrast tilstrekkeleg heilårleg minstevassføring.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Landskap/friluftsliv

Bruelva og Årdalselva viktige landskapselement, der dei tre fossestryka kan sjåast over lengre avstand. Ein stor reduksjon i vassføringa vil vere klart landskapsmessig negativt. Utbygginga vil også føre til inngrep i eit sårbart, vegetasjonsfattig høgfjellsområde, der særleg den opne kanalen med driftsveg synest lite heldig.

Det er mange hytter og brukarinteresser langs vassdraga. Etter det vi kjenner til er området i hovudsak nytta som lokalt utfartsområde. Ein open kanal vil avskjere fleire stigar. Sjølv om det blir etablert enkelte bruer vil tiltaket vere negativt for friluftslivet og opplevinga av landskapet.

INON

Ei utbygging som omsøkt vil redusere INON (inngrepsfritt naturområde, sone 2) med 3,7 km². Fjellområda mellom Syvdsfjorden (Vanylven) og Dalsfjorden (Volda) har framleis eit visst omfang av inngrepsfri natur. Presset på desse områda er stort og tidlegare veg- og kraftutbyggingar har alt redusert INON arealet vesentleg. Ein ytterlegare reduksjon med 3,7 km² er klart uheldig. Inngrepsfrie restområde i kommunar med lite INON-område skal verdsetjast til svært viktig. Vanylven har få INON-område att.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. I medhald av vassressurslova § 24 fremjer vi motsegn til utbygging av Brandefjellet kraftverk slik som søknaden no ligg føre. Dette på

grunn av konflikt med biologisk mangfald, landskapsverknader og inngrepsfrie naturområde (INON).

3.2. Tannelva

Tannelva kraftverk vil utnytte fallet i Tannelva frå kote 535 til kote 135. Øvre del av vassvegen blir lagt i røyr i dagen bolta til fjellsida (350 m) og nedgraven i nedre halvdel (540 m). Det blir bygt 1350 m ny traktorveg fram til inntaket.



Foto frå søknaden. Tannelva

Biologisk mangfald

Vi har ikkje motteke rapporten som vart laga i 2005, men vi forstår det slik at rapporten som er lagt til grunn for denne høyringa er ei oppdatering av rapporten frå 2005, men supplert med ei registrering og vurdering av kryptogamar. Det må i den samanheng stillast spørsmål om tilleggsoppdraget er utført som føresett. Det er informert om konkrete funn av nokre torvmosar, men det kunne ha vore av interesse at det til ein viss grad også vart fokusert på andre kryptogamar (sporeplantar) knytt til fuktige miljø i og langs eit vassdrag.

Det er positivt at DN-handbok 13 er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet. Etter rapporten vart det gjennomført vegetasjonskartlegging langs elva og det er ikkje registrert naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Det kjem vidare fram at dei artane som er mest bunde til fuktige/våte miljø på denne lokaliteten er vanlege artar.

Etter rapporten har fossegelet vegetasjon som er prega av fuktige mikroklima og fossesprøyt, og har på sine stader også utvikla ei form for fosseenger. Det er lite gråor, medan innslaget av hegg er meir utprega. Vi saknar ei nærmare vurdering for kvifor dette området ikkje er vurdert avgrensa som naturtypen gråor-heggeskog.

Det er opplyst at det som er identifisert av mosar ikkje er typiske karakterartar for fossemiljø og bekkekløfter, men vi vil merke at rapporten inneheld få faglege vurderingar knytt til konkrete artar i utbyggingsområdet og sett i samanheng med naturtypen bekkekløft/

bergvegg eller naturtypen fossesprøytzone i DN-handbok 13. Rapporten er ikkje like fagleg grundig som det ein er vant til i slike saker. Kunnskap om sjeldne artar er eit krevjande fagfelt. Dette kan delvis kompenseras med ei vurdering om det kan vere eit potensiale for raudlisteartar eller ikkje ut frå god kunnskap om til dømes vegetasjon og naturtypar etter DN-handbok 13.

Det er ikkje noko i utgreiinga som gir indikasjon på at spesielle terrestriske naturverdiar i området kan gå tapt ved ei utbygging. Vi hadde likevel sett det som ønskeleg med ei noko tydelegare konkretisering av verknadene for naturmiljøet i og langs vassdraget.

Fisk og vassdragsøkologi

Nedre del av Norddalselva har oppgang av anadrom fisk, men ikkje så langt opp som utbyggingsstrekninga i Tennelva. Eit minimum av økologisk driftsvassføring er likevel naudsynt for vasslevande insekt og eventuelle lokale bestandar av aure. Ved ei eventuell utbygging må det derfor sikrast tilstrekkeleg heilårleg minstevassføring.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Landskap/ INON/friluftsliv

Ei utbygging som omsøkt vil redusere INON (inngrepsfritt naturområde, sone 2) med 0,7 km². Fjellområda mellom Syvdsfjorden (Vanylven) og Dalsfjorden (Volda) har framleis eit visst omfang av inngrepsfri natur. Presset på desse områda er stort og tidlegare veg- og kraftutbyggingar har alt redusert INON arealet vesentleg. Ein ytterlegare reduksjon med 0,7 km² er ikkje heldig. Inngrepsfrie restområde i kommunar med lite INON-område skal verdsetjast til svært viktig. Vanylven har få INON-område att.

Vi kjenner ikkje til registrerte regionale friluftssinteresser i området. Vi reknar antar at brukarinteressene derfor er av meir lokal karakter. Det går turstigar forbi inntaket (jfr. turkart Vanylven) og det er sal av jakt- og fiskekort i området.

Det mest utfordrande med dette prosjektet er etter Fylkesmannens vurdering dei landskapsmessige verknadene. På heile utbyggingsstrekninga går Tennelva i stryk og fossefall og er eit viktig landskapselement i indre del av Norddalen. Strekninga er eksponert, og bortfall av vatn og røyrgate i dagen vil vere klart uheldig. Vidare skal det byggast veg opp den bratte fjellsida til inntaket. Konsekvensane av denne er ikkje visualisert i søknaden. Frå tidlegare utbyggingsprosjekt veit vi at slik vegbygging ofte kan vere vel så negativt for landskapsbiletet som vassdragsinngrepa.

Konklusjon

Fylkesmannen vil klart rå ifrå den omsøkte utbygginga av Tennelva pga dei landskapsmessige verknadene av tiltaket. Skal ein eventuelt gå vidare med utbyggingsplanar må ein sjå på løysingar med fullprofilboring. Da kan ein unngå røyrgate i dagen og skjemmaande vegbygging i den bratte fjellsida. Det vil uansett vere viktig med ei monaleg minstevassføring ut frå landskapsmessige omsyn.

3.3 Helgåa

Helgåa kraftverk vil utnytte fallet i Helgåa frå kote 600 til kote 220. Røyrgrata på 1350 m vil bli nedgraven. Det er behov for 1500 m ny veg fram til inntaket frå eksisterande skogsveg.



Foto frå søknaden. Helgåa. Røyrtrase i svart line.

Biologisk mangfald

Det er positivt at DN-handbok 13 er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet. Etter rapporten vart det gjennomført ei meir generell kartlegging av naturtypar langs elva samt ei enkel artsinventering.

Når førekomsten av alm ved Sætrevatnet ikkje kom med i den tidlegare naturtypekartlegginga i kommunen, er årsaka at det var for lite med midlar til å få kartlagt i området. I rapporten er naturtypane langs vassdraget vurderte og det kjem fram at det er minst ein naturtype som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Det gjeld naturtypen gråorheggeskog. Det ble registrert nokre små område i nedre del og eit større område opp den bratte lia nord for elva. Det er vart ikkje konstanterert velutvikla fossesprøytsoner på strekninga. Spesielt viktige naturtypar i eit utbyggingsområde bør helst visast på eit kart slik at ein kan sjå storleiken og avgrensinga i samanheng med vassdraget.

Rapporten er ikkje like fagleg grundig som det ein er vant til i slike saker, men det er positivt at det er opplyst at kartleggaren har avgrensa kompetanse på mosar. Kunnskap om sjeldne

artar er eit krevjande fagfelt. Dette kan delvis kompenseras ved ei vurdering om det kan vere eit potensiale for raudlisteartar eller ikkje i eit område som til dømes ut frå god kunnskap om vegetasjon og naturtypar etter DN-handbok 13.

Det er ikkje noko i utgreiinga som gir indikasjon på at spesielle terrestriske naturverdiar i området kan gå tapt ved ei utbygging, men vi saknar ei noko tydelegare konkretisering av verknadene for naturmiljøet i og langs vassdraget. Vi må også merke at det er lite å finne i rapporten om usikkerheit i omfangsvurdering og konsekvensvurderingane.

Landskap/INON/friluftsliv

Det skal byggast veg heilt fram til inntaket, som ligg på kote 600 i eit ope fjellterreng godt over skoggrensa. Landskapsmessig er det vegen som vil vere det mest uheldige inngrepet, særleg i dei øvre deler. Vi saknar her ei nærare vurdering og visualisering av konsekvensane ved vegbygging i dette området.

Ei utbygging som omsøkt vil redusere INON (inngrepsfritt naturområde, sone 2) med nærare 1,9 km². (I søknaden er det oppgitt ca. 1,4, men det er da ikkje tatt omsyn til at også vegen vil påverke INON). Fjellområdet mellom indre del av Dalsfjorden (Volda) og Sjørdalen (Saurdalen) har framleis eit visst omfang av inngrepsfri natur. Presset på desse områda er stort og tidlegare veg- og kraftutbyggingar har alt redusert INON arealet vesentleg. Ein ytterlegare reduksjon med 1,9 km² er klart uheldig. Inngrepsfrie restområde i kommunar med lite INON-område skal verdsetjast til svært viktig. Vanylven har få INON-område att.

Brukarinteressene er lite omtalt i søknaden. Heile fjellområdet i sørlige delen av Vanylven mot Nordfjord er registrert som regionalt friluftsområde. Øvreberg i Sjørdalen er den viktigaste innfallsporten. Vi har ikkje detaljkunnskap om brukarinteressene i utbyggingsområdet. Det ligg eit hytteområde ved Ripsdalssetra. Herfrå går det sti på sørsida av Helgåna opp mot Blæjevatnet.

Fisk

Omsøkte planar ligg i sør-austleg sidevassdrag til Ripsdalelva. Ripsdalselva inneheld laks og sjøaure og anadrom strekning går forbi samløpet med Helgåa. Anadrom fisk har tilgang på nedste del av Helgåa som her er bratt og storsteinete. Helgåa inneheld stasjonær aure på deler av planlagt strekning for regulering.

Nedre del av Helgåa og Ripsdalselva er prega av store fysiske inngrep både i elveprofilen og langs elva i samband med opprensing etter ekstremflaum i 2004. Elvene er storsteinete med rasktflytande vatn. I dette vassdragslandskapet vil omsøkte planar ikkje vesentleg endre dei opphavlege vassdragsøkologiske kvalitetane med omsyn til fisk anna biologisk mangfald knytt til ferskvatn.

Vassdirektivet

I arbeidet med forvaltning av vassressursane i fylket (jfr. vassdirektivet) er Ripsdalselva vurdert som «delvis SMVF (sterkt modifisert vassdrag). Dette er grunna i flaumproblematikk og store sikringsstiltak i nedre del av vassdraget. Karakteriseringa av Ripsdalselva er todelt. Nedre del av Ripsdalselva er klassifisert med antatt dårleg økologisk tilstand og med risiko for at miljømålet ikkje blir nådd innan 2021. Grunnen er stor grad av fysiske inngrep. Dette er fysiske inngrep i elveprofilen etter storflaumen i 2004.

Helgåa er del av vassførekomst «Øvre del av Ripsdalelva med sideelver». Registreringane her viser liten grad av påverknad når det gjeld fysiske inngrep og middels grad av biologisk påverknad. Det siste har også samband med tilhøva for fisk etter storflaumen i 2004.

Forvaltningsplan ned tiltaksprogram for vassregion Møre og Romsdal er under arbeid og vil venteleg bli vedtatt primo 2015.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. Det er særleg dei landskapsmessige konsekvensane ved vegbygging og reduksjon av INON-område som er negativt med prosjektet. Vi vil likevel ikkje gå imot ei utbygging av Helgåa, men rår til at utbygginga skjer utan vegbygging over skoggrensa.

3.4. Sjørdalselva

Sjørdalselva kraftverk vil utnytte fallet frå kote 270 til eit kraftverk på kote 85. Vassvegen vil vere ca. 1000 m og røyret blir graven ned på heile strekninga. Til inntaket er det planlagt 70 m veg frå parkering ved alpinanlegget og 200 m ny veg til kraftstasjonen.



Storefossen i Sjørdalselva. Foto: Leif Magnus Sættem, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Biologisk mangfald

Det er positivt at DN-handbok 13 og mellom anna NINA sitt temahefte om vegetasjonstypar i Norge er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet. Rapporten gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld elles ein god del om vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. Firmaet

er dyktige i sine faglege vurderingar knytt til funna av ulike artar samt naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet.

I kapitel 5.4.1 er det informert om ein tidligare kartlagt kystmyr med naturtypeverdi A, men som ikkje vil bli påverka av tiltaket. Vi har ikkje synfart området og vi har heller ikkje detaljkunnskap om inngrepa like ved myra. Det er derfor ønskeleg at NVE gjennom sin førehaving av søknaden krevjar tekniske løysingar som på både kort og lang sikt hindrar ein kvar form for drenering av myra. Av naturelement som elles er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet er ei hagemark med verdi B og ei fossesprøytsone med verdi C, men utan ei særleg velutvikla fosse-eng. Det er positivt at naturtypane er teikna inn på kart. Det er ikkje registrert sjeldne artar i området.

Hagemarka vil bli noko skada ved legging av røyr, men dette tiltaket vil berre få konsekvensar for ein liten del av arealet. Det viktigaste for å sikre denne naturtypen er at beitinga held fram. Framlegget frå konsulenten til avbøtande tiltak ved inngrep i hagemarka bør følgjast opp. Det same gjeld detaljplanlegginga ved inntaksdammen. Dette for å unngå at den verdfulle kystmyra like ved blir skada. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi elles rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva.

Fisk

Omsøkte kraftanlegg kjem i konflikt med ferskvassbiologiske tilhøve i øvre del av Sjørdalselva. Kraftstasjon er planlagt på anadrom strekning som her består av to elvegreiner, ein vestre og ein austre del. Begge desse greinene har verdi for gyting og produksjon av anadrom fisk. Etter omsøkte planar har kraftstasjonen fått sin plassering i vestre grein eit stykke nedstraums elvedele. Ei slik plassering vil skade livstilhøva i austre elvegrein ved reduserte vassmengder.

Tilhøva omkring fiskebestandar er nemnt i rapporten om biologisk mangfald. Vi finn likevel grunn til å setje sterkare fokus på dei fiskeribiologiske tilhøva i dette øvre elveavsnittet og verdien av å halde dette i hevd. Vi ber såleis om at kraftstasjonen i det minste vert flytta til området for elvedele. Ei slik lokalisering gjer det mogleg å unngå at austre grein får reduserte vassmengder. Begge løp vil på den måten bli sikra opphavlege vassmengder sjølv etter ein kraftregulering i området. Dersom dette vert gjort kan vi ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Landskap/INON/friluftsliv

Storefossen er et markert landskapselement i indre del av Sjørdalen og redusert vassføring i fossen vil vere uheldig landskapsmessig sett. Røyr gata vil i øvre deler kome i konflikt med deler av ein gamal ferdselsveg (tørrmura). Vi kjenner ikkje nærare til denne, men går ut frå at kulturminnemyndighetene har meir informasjon.

Inntaket vil bli liggande like ved alpingsenteret ved Øvreberg. Heile fjellområdet i sørlige delen av Vanylven mot Nordfjord er registrert som regionalt friluftsområde. Øvreberg i Sjørdalen er den viktigaste innfallsporten. Ein bør vurdere om inntaket kan flyttast eit stykke lenger ned (100 m – 150 m), for å unngå ei gamal bru over elva og ta vare på eit strykparti som har klare landskapskvalitetar.

Tiltaket vil ikkje redusere INON i nemneverdig grad (under 100 dekar).

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. Vi kan akseptere ei utbygging av Sjørdalselva dersom kraftstasjonen blir flytta ovanfor elvedelet (minimum ca. kote 95). Dette for å sikre tilhøva for anadrom fisk. Ein bør også vurdere å flytte inntaket noko lenger ned.

3.5 Kasselva

Kraftverket vil ha hovudinntak i Kasselva på kote 375. I tillegg kjem eit inntak i bekken frå sør på kote 395. Kraftstasjonen blir plassert på kote 140. Det er også vist til eit alternativ B med inntak i hovudelva på kote 265. Vassvegen vil vere på totalt 1700 m nedgraven røyr. Det blir bygt mellombels anleggsveg på 1200 m til det nordre inntaket. Til stasjonen trengst det 70 m ny veg.




Foto frå søknaden. Pilar markerer dei to sidegreinene av vassdraget.

Biologisk mangfald

I vurderinga om vegetasjonen er det konkludert med at det ikkje er naturtypar i området som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Unntaket er ein gamal lauvskog av lokal verdi og som det i liten grad er aktuelt med inngrep i. Vi må likevel merke at ein del av utbyggingsområdet er av spesiell naturfagleg interesse på grunn av førekomstane av den ultrabasiske bergarten olivin. Etter rapporten vil dei bli lite eller ikkje påverka av tiltaket, men det er viktig at vegen til inntaket ikkje kjem i konflikt med eit grusområde utan vegetasjon. Vi vil rå til at alt areal som det bør takast spesielle omsyn til, bør visast på eit kart.

Vi har ikkje merknader til registreringsarbeidet. Det er konkludert med at dei fleste artane er vanlege, men generelt er lav- og mosefloraen artsrik. Unntaket er først og fremst det interessante funnet av raudlistearten flatsaltlav. Dette er ein art som i strekt grad er knytt til fossesprutsonar og fuktige berg. Etter rapporten kan verknaden for arten etter ei eventuell utbygging i vassdraget vere usikker.

Det er positivt at det er utgreidd to alternativ. Eit eventuelt val av alternativ B vil føre til mindre konsekvensar for det biologiske mangfaldet enn ved val av alternativ A. Ved alternativ B vil inntaket kome nedstrøms området der den sjeldne flatsaltlaven veks. Ved alternativ A bør det med bakgrunn i prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova arbeidast vidare med konsekvensane for denne arten før det eventuelt blir gjeve løyve til utbygging. Vi ser såleis ikkje bort frå at det kan vere behov for eit meir omfattande kartleggingsarbeid i utbyggingsområdet før eventuelt val av alternativ A. Både med tanke på funnet av ein raudlisteart i vassdraget og informasjonen i rapporten om at det var uheldig at synfaringa vart for seint i sesongen for å få kartlagt karplantar. Ved val av alternativ B meiner vi at kunnskapsgrunnlaget er godt nok til at det kan gjerast eit vedtak i saka utan fleire utgreiingar.

I rapporten er det vist til Norsk raudliste frå 2006. Ved revisjonen av miljørapporten burde raudlista frå 2010 ha vore lagt til grunn, men om dette ville ha endra på noko av innhaldet i rapporten, har ikkje vi meining om.

Fisk

Kasseelva er eit sidevassdrag langt oppstraums GUSDALSVATNET og ÅHEIMSELVA. ÅHEIMSELVA er laks- og sjøauførande vassdrag i Vanylven kommune og av dei aller viktigaste i denne delen av fylket. I Kvernhusløen like nedstrøms GUSDALSVATN er det for mange år sidan bygd fisketrapp. Anadrom fisk på gytevandring kan i dag vandre til Rustafossen, om lag 2,7 km nedstrøms omsøkte kraftstasjon i Kasseelva-prosjektet.

Det er blitt oss fortalt at anadrom fisk ved einskildhøve har passert Rustafossen under særskilte gunstige tilhøve. Etter synfaring og vurdering av Direktoratet for naturforvaltning (DN) i samarbeid med Fylkesmannen og det lokale elveeigarlag, har DN utvikla planar som sikrar permanent oppvandring av anadrom fisk forbi Rustadfossen.

Motivet for utvikling av anadrom strekning ovanfor Rustefossen er todelt. For det første er dette elveavsnittet frå naturens side svært eigna for gyting og produksjon av anadrome fiskeartar. Å gjere denne delen av vassdraget tilgjengelig for laks og sjøaure vil styrke dei anadrome fiskebestandane som held til i vassdraget i dag. For det andre vil det å utvide den anadrome strekninga vere eit relevant og berekraftig tiltak for å kompensere for negativ påverknad på livstilhøva lenger nede i vassdraget. Her kan vi nemne det store bergverket i dalen og uheldige episodar knytt til drifta av dette.

Vi er ikkje kjent med det nye stoppunkt for vandrane laks og sjøaure ovanfor Rustadfossen og om lokalisering og drift av omsøkte Kasseelva-kraftstasjon kan kome i konflikt med framtidige anadrome strekningar. Vi veljer likevel å setje fokus på det ovannemnde og trekke fram dei moglegheitene som finst med å utvikle bestandane i dette vassdraget.

Uavhengig av utbyggingsalternativ er likevel eit minimum av økologisk driftsvassføring naudsynt for vasslevande insekt og eventuelle lokale bestandar av aure. Ved ei eventuell utbygging må det derfor sikrast tilstrekkeleg heilårleg minstevassføring.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Landskap/INON/friluftsliv

Landskapsverdiane er særleg knytt til bortfall av vatn i fossen i vestre del av Kasselva. Anleggsvegen til inntaket er meint å vere mellombels, men skal kunne nyttast til køyring med ATV. I søknaden er det ikkje synleggjort kva for konsekvensar dette vil ha for landskapet.

Dei inngrepsfrie naturområda (INON) vil etter hovudalternativet bli redusert med 1,8 km² inngrepsfri sone 2. Fjellområdet mellom Almklovdalen og Nordfjord har framleis eit visst omfang av inngrepsfri natur. Presset på desse områda er stort, og tidlegare veg- og kraftutbyggingar har alt redusert INON arealet vesentleg. Ein ytterlegare reduksjon med 1,8 km² er klart uheldig. Inngrepsfrie restområde i kommunar med lite INON-område skal verdsetjast til svært viktig. Vanylven har få INON-område att.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. Ut frå våre ansvarsområde vil vi rå til at den alternative utbyggingsløysinga blir valt. Dette ut frå både landskapsmessige tilhøve, mindre reduksjon av inngrepsfrie naturområde og færre konsekvensar for det biologiske mangfaldet. Dersom ein likevel vel å gå vidare med alternativ A føreset vi at ein kjem med ei nærare utgreiing av konsekvensane for den sjeldne flatsaltlaven.

3.6. Høgelida

Høgelida kraftverk vil utnytte fallet frå kote 340 like nedanfor utløpsosen til Movatnet Kraftstasjonen blir plassert på kote 135, like oppstrøms Movassbrua på RV61. Søknaden inneber å nytte 60 cm av den naturlege variasjonen i Movatnet til magasin for kraftverket. Vasstanden skal ikkje gå høgare enn den går på naturleg vis. Røyrkata på 1600 m blir graven ned. Det blir bygt ei forlenging av traktorvegen på toppen av røyrkata dei siste 500 m fram til inntaket.

Movatnet og inntaket ligg i Møre og Romsdal. Resten av vassdraget nedstrøms Movatnet ligg i Sogn og Fjordane. *Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil kun ta for seg konsekvensane for Movatnet og inntaksområdet.*



Foto frå søknaden. Movatnet.

Biologisk mangfald

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt nok til at det kan gjerast eit vedtak for den delen av prosjektet som omfattar Møre og Romsdal.

For vegetasjonen langs Movatnet vil endringane i vasstanden ha negative konsekvensar, men etter rapporten er det berre vanlege artar langs og i vatnet. Det er ikkje noko i undersøkingane som tydar på at det kan vere potensiale for sjeldne artar eller at det kan vere naturtypar i området som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet.

Det er registrert hekkande storlom i Movatnet. Storlomen vel som regel reirplass heilt nede ved vatnet, og er derfor svært sårbar for heving av vasstanden frå isløysinga og framover våren/forsommaren så lenge den ligg på egg. For å ta vare på denne sårbare arten vil Fylkesmannen krevje at det ved ei eventuell regulering av Movatnet blir sett krav til at vasstanden blir heldt stabil i perioden 1.mai til 1.august.

Fisk/vassdragsøkologi

Det går ikkje anadrom fisk opp i Movatnet, men vatnet har ein god bestand av aure. Reguleringa i vatnet vil ligge innanfor den naturlege variasjonen i dag. Vi kan derfor ikkje sjå at dette skal ha særlege negative verknader for fisk.

Vi har liten kjennskap til den vidare utbyggingsstrekninga. På generelt grunnlag vil vi peike på at eit minimum av økologisk driftsvassføring er naudsynt for vasslevande insekt og lokale bestandar av aure. Ved ei eventuell utbygging må det derfor sikrast tilstrekkeleg heilårleg minstevassføring. Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Landskap/INON/friluftsliv

Ei regulering av Movatnet med 60 cm, innanfor dagens naturlege variasjon, vil neppe føre til vesentlege landskapsmessige verknader.

Tiltaket vil føre til ein reduksjon i INON (inngrepsfrie naturområde sone -2) med 0,2 km². Dette er i seg sjølv ikkje vesentleg, men det er stort press på dei resterande inngrepsfrie areala i dette området.

Heile fjellområdet i sørlige delen av Vanylven mot Nordfjord er registrert som regionalt friluftsområde. Øvreberg i Sør-dalen er den viktigaste innfallsporten. Fylkesmannen kjenner lite til kva for brukarinteresser som er knytt til Movatnet og områda rundt. Dette er også lite omtalt i søkanden. Etter det vi kjenner til ligg det nokre hytter på nordsida av Movatnet. Det går traktorveg forbi Høgelida nesten fram til vatnet. Det er også stigar inn til vatnet m.a. frå Juvatnet og Sunndalen.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. Vi vil ikkje fråå ei utbygging som omsøkt, som inneber ei viss regulering av Movatnet. Føresetnaden må likevel vere at vasstanden blir heldt stabil i perioden 1.mai til 1.august for å sikre hekketilhøva for storlom. Vår fråsegn gjeld kun den delen av tiltaket som ligg i Møre og Romsdal.

4. Oppsummering

- Fylkesmannen fremjer motsegn i medhald av vassressurslova § 24 til utbygging av Brandefjellet kraftverk slik som søknaden no ligg føre. Dette særleg på grunn av konflikt med biologisk mangfald, men også landskapsverknader og inngrepsfrie naturområde (INON).
- Fylkesmannen vil rå ifrå den omsøkte utbygginga av Tennelva pga dei landskapsmessige verknadene av tiltaket. Skal ein eventuelt gå vidare med utbyggingsplanar her må ein sjå på løysingar med fullprofilboring. Da kan ein unngå røyrgate i dagen og skjemmaende vegbygging i den bratte fjellsida. Det vil uansett vere trong for ei monaleg minstevassføring.
- Fylkesmannen vil ikkje fråå utbygging av Helgåa kraftverk, men rår til at det skjer utan vegbygging over skoggrensa.
- Fylkesmannen kan akseptere ei utbygging av Sjørdalselva kraftverk dersom kraftstasjonen blir flytta ovanfor elvedelet (minimum ca. kote 95). Dette for å sikre tilhøva for anadrom fisk. Ein bør også vurdere å flytte inntaket noko lenger ned.
- Fylkesmannen vil rå til at den alternative utbyggingsløysinga for Kasselva kraftverk blir valt. Dette ut frå både landskapsmessige tilhøve, mindre reduksjon av inngrepsfrie naturområde og færre konsekvensar for det biologiske mangfaldet. Dersom ein likevel vel å gå vidare med alternativ A føreset vi at ein kjem med ei nærare utgreiing av konsekvensane for den sjeldne flatsaltlaven.
- Fylkesmannen vil ikkje fråå ei utbygging av Høgelida kraftverk som inneber ei viss regulering av Movatnet. Føresetnaden må likevel vere at vasstanden blir heldt stabil i perioden 1.mai til 1.august for å sikre hekketilhøva for storlom.
- Dersom alle småkraftplanane blir gjennomført må ein vurdere om det er naudsynt med nettførsterkingar i regionalnettet. Kva konsekvensar dette i så fall vil ha, med t.d. nye kraftliner, må vere med i NVEs samla vurdering av konsekvensane ved ny kraftutbygging i området.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Lindis Nerbø
direktør miljøvernavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Biologisk mangfald: Kjell Lyse, tlf. 71 25 84 26
Fisk/vassdragsøkologi Leif Magnus Sættem, tlf. 71 25 88 57

Kopi:

Vanylven kommune	Rådhuset	6143	Fiskåbygd
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Direktoratet for naturforvaltning	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim